

- Kjekkaste instruksjonen eg har hatt på lenge.

17.09.2016



Tobias, Helene og Malena er flinke unge musikantar.

Uskedal skulemusikk har hatt oppstartseminar for sesongen på fredag kveld og lørdag. Orda i overskrifta kjem frå tidlegare skulemusikant Vegard Døssland som var heime frå Oslo og var instruktør på lørdagen. Han er elles imponert over sjølve avviklinga av seminaret.



Gruppeøving med Vegard.

Dirigent Tor Skeie Olsen hadde ansvaret for det musikalske opplegget. Fredag kveld var det fellesøving medan det lørdag også var gruppeøving der Tor og Vegard hadde ansvar for kvar si gruppe.

Vegard var tydeleg på at det hadde vore veldig kjekt å vera instruktør for musikantane i skulemusikken.

- Dei var flinke, motiverte og veldig lærerillige. Det er tydeleg at Tor har arbeidd inn gode rutinar med dei, og at det vert jobba på ein god og grundig måte. Tor er verkeleg kjempeflink, sa mellom anna Vegard etter dagens instruksjonsøkt. Han syntes det var ein svært kjekk gjeng!

Tor Skeie Olsen sa at oppstartseminaret var viktig for å koma godt i gang med sesongen. Før denne sesongen er det dessverre nokre som er sluttar i korpset. Etter ein del sesongar med lite fråfall måtte ein kanskje rekna med det. Likevel er det leitt, for musikk er noko som tar tid å lære. No var korpset kome på eit nivå der dei kunne utvida aktivitetsområdet, m.a. hadde dei planar om å delta på Vårsprettet på Askøy. At talet på aspirantar er aukande er gledeleg med tanke på framtida. Dette året er 6 i gang med opplæring!

På seminaret gjorde elles foreldregruppa ein flott jobb. Maten var av ypperste klasse med mykje god heimebakst. I tillegg var det også lagt inn ein kjekk musikk-quiz.



Ingrid og Sigri får fin tone i kornettane!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.